

## Budsjett plan og næring 2006

::: Sett inn innstillingen under denne linja ↓

### Fylkesdirektøren rår hovudutval for plan og næring til å gjere slikt vedtak:

- 1 Programområde 40 Plan og næring vert disponert slik det framgår av saksframstillinga.
- 2 Fylkesdirektøren får fullmakt til å disponere inntil kr 230 000 av dei avsette midlane til andre tiltak – administrativ fullmakt. Bruken av midlane vert å rapportere til hovudutvalet i ettertid.
- 3 Sandane næringshage og Nordfjordeid næringshage vert kvar tildelt eit tilskot på kr 250 000 for 2006.

::: Sett inn innstillingen over denne linja ↑

... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓

Prenta vedlegg:

Utdrag frå budsjett 2006 - plan og næring – vedteke i desember

Uprenta vedlegg:

## **Saksframstilling**

### **1. BAKGRUNN**

Hovudutval for plan og næring disponerer budsjettet for programområde 40 Plan og næring. Hovudutvalet skal fastsetje den endelege fordelinga av budsjettet, innanfor dei føringar som ligg i fylkestinget sitt budsjett.

Budsjettet for 2006 er på 103,29 mill kr, som skriv seg frå eigne driftsmidlar, fylkesplanfondet og regionale utviklingsmidlar frå KRD. Syner elles til vedlagde utdrag av fylkestinget sitt budsjett for 2006.

### **2. FRAMLEGG TIL DISPONERING AV BUDSJETTET FOR 2006**

Vi legg til grunn følgjande disponering av budsjettet for 2006:

Innovasjon Norge 41,90 mill.kr

Fylkeskommunen nyttar IN som operatør for den bedriftsretta satsinga. Midlane vert nytta som tilskot til bedrifter, påfyll av tapsfond i samband med utlån, og til etablerarordningar. Det er utarbeidd eit framlegg til oppdrag for IN, som ligg føre som eige sak til HPN sitt møte i januar.

Omstillingsarbeid i fylket 7,00 mill kr

Dei avsette midlane skal gå til oppfølging av omstillingsarbeidet i fylket. Flora, Høyanger og Årdal har full omstillingsstatus. Fylkeskommunen er elles engasjert i analyse- og omstillingsarbeid i Vågsøy, Selje og Solund. HPN vil seinare fordele desse midlane i ei eiga sak, som kjem opp i februar eller mars.

Kommunale næringsfond 8,69 mill kr

Satsinga på kommunale næringsfond vart styrka gjennom statsbudsjettet, og Sogn og Fjordane vart tilført 8,69 mill kr gjennom dei regionale utviklingsmidlane. HPN vil seinare ta stilling til retningslinjer og fordelingsprinsipp, for så å fordele midlane til dei einskilde kommunane. HPN får seg førelagt ei sak til februar-møtet. Administrasjonen ber i eiga sak til januar-møtet om at kr 300 000 av desse midlane førebels vert reservert til eit hovudprosjekt innan kommunalt næringsutviklingsarbeid. Evt løyvingsvedtak i denne saka vert å gjere seinare.

Regionvise utviklingsprogram 2,20 mill kr

Satsinga på dei fire regionane sine utviklingsprogram er styrka med til saman 0,4 mill kr i høve til 2005, og midlane går til tiltak og administrasjon. HPN får seg førelagt ei sak i februar om fordelingsprinsipp og fordeling av midlane.

Næringshagane 1,30 mill kr

Næringshagane i fylket har avtaler som sikrar tilskot dei fem første åra. Sandane næringshage og Nordfjordeid næringshage sine avtaler

er no ute, og næringshagane har søkt om eit lågare tilskot i tre nye år. I sak 46/05 samla HPN seg om å vurdere å setje av til saman 0,5 mill kr til dei to næringshagane i 2006. Det vart rydda rom for dette i fylkestinget sitt budsjett, og det framgår av budsjettet at HPN skal ta endeleg stilling til søknadane. Til orientering ser det ut til at SIVA går inn med kr 200 000 til kvar av desse næringshagane i 2006. Fylkesdirektøren rår til at Nordfjordeid næringshage og Sandane næringshage kvar får eit tilskot på kr 250 000 i 2006. HPN vil seinare ta stilling til kor vidt fylkeskommunen skal tinge fram nye fleirårige avtaler med dei to næringshagane.

Kunnskapsparken 0,50 mill kr  
Fylkeskommunen har tidlegare forplikta seg til å yte Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane eit årleg tilskot på kr 500 000. Fungerer no i praksis slik at Kunnskapsparken sender rekning for oppdrag som vert utført for m.a. fylkeskommunen.

Tettstadutvikling 3,30 mill kr  
Tettstadutvikling og planlegging er ført opp med til saman 3,3 mill kr. Det vert lagt til grunn av om lag kr 300 000 av dette vert nytta til stadanalyser og lokal planlegging slik handlingsplanen innan småskala næringar/lokalsamfunn/"bruk og vern" legg opp til. Dette ikkje mist fordi einskilde satsingar fordrar at tiltaket er sett inn i ein større plansamanheng.

I det vidare kjem 16 tiltak der fylkeskommunen tidlegare har forplikra seg. Desse vert ikkje kommentert nærmare.

AMB utvikling 0,40 mill kr  
Enable 0,45 mill kr  
Overvåkingsprogram 0,25 mill kr  
Høgskulen "professorat" 0,85 mill kr  
Geoshare 0,35 mill kr  
Framtid Gloppen 0,50 mill kr  
Tall Ships Race 0,80 mill kr  
Kompetansesenter Tyin/Filefjell 0,05 mill kr  
Skredprosjekt 0,10 mill kr  
Jølster Skisenter 0,20 mill kr  
SIL-tribunen as 3,00 mill kr  
Florø idrettssenter 2,50 mill kr  
Grunderpris ungdom 0,03 mill kr  
Sikring Kjenndalsvegen 0,12 mill kr  
Utviklingsselskap lutelandet, driftstilskot 0,30 mill kr  
Fyrtårnprosjektet i Stryn 0,30 mill kr

Utviklingsselskap lutelandet, utviklingstilskot 0,37 mill kr  
Vedteke av fylkestinget i desember.

Internasjonalt arbeid 1,00 mill kr  
Fylkeskommunen har teke mål av seg til ei internasjonal satsing på 1 mill kr pr år. Den avsette millionen for 2005 er dels nytta.

Det kan følgjeleg drøftast om det treng setjast av heile 1 mill kr for 2006. Det vert avsett 1 mill kr inntil vidare, i påvente avklaring om aktivitetsnivået i 2006.

Bru og parkeringsanlegg i Flåm 3,00 mill kr  
Samla tilskot på 3 mill kr, vedteke av fylkestinget i desember.

Tilskot til skogsbilvegar 1,00 mill kr  
Fylkestinget vedtok i desember eit tilskot til skogsbilvegar på 1 mill kr årleg for åra 2006 til 2009. HPN får seg i februar førelagt ei eiga sak om korleis ein tenkjer seg å administrere denne ordninga, og denne saka går vidare til FU i mars.

Breiband 1,00 mill kr  
Tilskot på 1 mill kr for 2006, vedteke av fylkestinget i desember.

Samarbeidstiltak - fylkesplanen 12,00 mill kr  
I samband med oppfølging av fylkesplanen vert det etablert fem program med egne programstyre:  
- opplevingsnæringar  
- fiskeri og havbruk  
- entrepenørskap  
- folkehelse og livsutfalding  
- modernisering av offentleg sektor/IKT  
Programstyra skal lage ein enkel programplan. Desse programplanane vert så lagt fram for HPN, som føreteke ei heilskapleg vurdering. HPN tildeler så midlar til kvart av programma. Det vert førebels sett av 12 mill kr til desse samarbeidstiltaka.

Framlegg frå industrigruppa 4,00 mill kr  
Det vert førebels sett av 4 mill kr til oppfølging av tiltak som er føreslegne av fylkesplangruppa for industri. Dette gjeld m.a. mineralressursar/ilandføring av gass, strategisk leiing, nettverk, designsatsing i Sogn og Fjordane og Expo Sogn og Fjordane. HPN vil seinare få seg førelagt ei sak om disponering av desse midlane.

Framlegg frå fiskeri og havbruk, landbruk og bygdeutvikling 0,80 mill kr  
Vert disponert av HPN i seinare sak.

Utviklingsmidlar til disposisjon for opplæring 1,50 mill kr  
Opplæringssektoren har tidlegare ikkje disponert utviklingsmidlar, og det er no sett av 1,5 mill kr for utviklingsarbeid innan opplæringssektoren. Innanfor denne ramma er det sett av 0,6 mill kr til NYKO-prosjektet. Dei resterande 0,9 mill kr kan disponerast av hovudutval for opplæring.

Grunnstønad Vestlandsforskning 0,80 mill kr  
Fylkeskommunen er årleg inne med 0,8 mill kr i grunnstønad til Vestlandsforskning.

Nettverksposten 0,05 mill kr

Set av kr 50 000 til utgjeving og distribusjon av Nettverksposten i Sogn og Fjordane.

Kontingentar Fylkeskommunen har forplikta seg til å dekkje diverse kontingentar, m.a. i samband med Norsk gassforum.	0,13 mill kr
Kjøp av tenester/planarbeid Set av kr 90 000 kan evt kan nyttast til tenestekjøp i samband med planarbeid, dømesvis ved bruk av eksterne konsulentar.	0,09 mill kr
Oppfølging av fylkesplanen Set av kr 100 000 til aktivitetar i samband med oppfølging og iverksetjing av fylkesplanen.	0,10 mill kr
Næringsbarometer for Hordaland og Sogn og Fjordane Set førebels av kr 100 000. Kjem tilbake til dette i eiga sak.	0,10 mill kr
Vestlands-samarbeidet Sjølv om vi ikkje lenger har sekretariatet, må vi rekne med omfemnande arbeid og reiseverksemd i regi av Vestlands-samarbeidet.	0,10 mill kr
Fjord-Norge Set av kr 1 225 000 for 2006, jf eiga sak til HPN sitt januar-møte.	1,23 mill kr
Andre tiltak – administrativ fullmakt Av og til kjem det fram hastesaker som administrasjonen bør finne ei løysing på umiddelbart, og mindre saker som ein med fordel kan løyse administrativt. Vi ber om at administrasjonen får fullmakt til å disponere inntil kr 230 000, og bruken vert då rapportert til hovudutvalet i ettertid.	0,23 mill kr
Andre tiltak – til disposisjon for HPN Held att 0,7 mill kr som HPN disponerer gjennom året. Denne summen kan evt verte høgre dersom HPN seinare vel å nytte mindre til dei skisserte tiltaka enn det som er føresett i denne saka. Døme på dette er fordelingar som HPN seinare kjem tilbake til, jf m.a. avsette midlar til oppfølging av framlegg frå fylkesplangruppa for industri (4 mill kr), og gruppene for havbruk og fiskeri m.m. (0,8 mill kr). Dessutan dei avsette 12 mill kr til samarbeidstiltak i fylkesplan-samanheng, og avsette midlar til internasjonalt arbeid (1 mill kr).	0,70 mill kr

Når det gjeld dei avsette midlane til andre tiltak så syner fylkestinget sitt budsjett til at det er ønskeleg med ein høgre aktivitet innan entreprenørskap og opplevingsnæringar enn det som det er teke høgde for (det siste gjeld m.a. satsinga innan reiseliv og støtta til destinasjonsselskapa). Elles er midlane tiltenkt å finansiere tiltak som er omsøkt eller vert omsøkt i løpet av året. Vi har allereide ein del søknader som seinare vert lagt fram for HPN. I denne samanheng må vi nemne to større tiltak som fylkeskommunen vurderer å engasjere seg i:

A. Ferjesimulator ved Måløy vidaregåande skule  
FT har gjennom sak 49/05 vedteke at fylkeskommunen ønskjer ein ferjesimulator ved

---

Måløy vidaregåande skule, og at fylkeskommunen skal arbeide med å inngå forpliktande avtale med Fjord 1, utstyrsleverandørar og evt andre potensielle brukarar. Det er fylkesutvalet som har fullmakt til å setje dette vedtaket i verk. Dersom det no er grunnlag for det vil fylkesrådmannen legge fram ei sak til hovudutval for opplæring og hovudutval for plan og næring, der også dei regionale utviklingsmidlane vert vurderte i samband med finansieringa.

B. Fylkeskommunal deltaking i høgskulen si akvakulturutdanning  
Næringslivet og fylkeskommunen har saman sett på korleis ein kan finansiere ei vidare satsing på akvakultur-studiet ved Høgskulen i Sogn og Fjordane. Fylkeskommunen har gjeve uttrykk for at ein vil ta del i eit spleiselag for vidareføring av studiet, på gjevne vilkår. Studiet vert starta opp på nytt til hausten dersom det melder seg nok studentar. Dersom studiet vert starta opp må fylkeskommunen følgeleg vere budd til å gå inn med tilskot, saman med næringslivet sitt bidrag frå kompensasjonsordninga for bortfall av differensiert arbeidsgjevaravgift.

### **3. KONKLUSJON/TILRÅDING**

Plan og næring sitt budsjett for 2006 vert disponert i samsvar med framlegget ovanfor. Sandane næringshage og Nordfjordeid næringshage vert kvar tildelt eit tilskot på kr 250 000 for 2006.

[... Sett inn saksutredningen over denne linja ↑](#)